

1. Høringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l.) \*

Ungdomsrådet

2. Del 1: BARNS BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vektning?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

### 3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

I ei barns beste vurdering er det heilheten som er viktig. Alle faktorar er på sin måte viktig for å skape eit best tilbod for alle barn og unge i Sauda. Syns ikkje ein skal utelukke ein ting for ein annan. Det er fullt mogleg å ha fleire tankar i hovudet. At alle har rett på ein lærar med godkjent kompetanse bør ikkje utelukke å ha søsken på same skule eller rekruttering av nye innbyggjarar.

### 4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilet av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

### 5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Norconsult peiker på fleire problem som Sauda kommune må jobbe med framover for å løyse. Denne rapporten bør absolutt ikkje ligge å støve i ei skuff. Samtidig seier dei aller fleste barn, unge og foresatte at dei er fornøgde med barnehagen/skulen sin. Dei fleste trivs godt og har det bra. Dette må det jo vere gode grunnar til, og dette syns ikkje me er godt nok belyst i rapporten. Norconsult kjem med mykje harde fakta, som kvalitet på bygg, utnyttelse av areal og resultat på nasjonale prøvar, men lite om tryggleik, verdien av eit sterkt nærmiljø og søsken på samme skule.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

To av medlemma i Ungdomsrådet var også med i referansegruppa. GAP-analysen var vanskeleg å svare på når ein ikkje veit sikkert kva framtidsbiletet er. Er det dagens struktur eller er det 1 barnehage og 1 barneskule? Samtidig kom det ikkje tydeleg fram kva svara våre skulle bli brukt til, og berre halvparten av medlemma i referansegruppa svarte på analysen (10-15 stk).

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meininger, eller anna, kva alterativ ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein communal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Det er delte meininger i denne saka. Nokon er einige med kommunestyret om å bygge ein barneskule, andre syns at ein skal holde på strukturen slik ein har det i dag, men med oppgradering. Viktig å se på både positive og negative sider med strukturen me har i dag, når ein jobber vidare. Syns kommunestyret har konkludert for tidleg når ein ikkje har alle fakta på bordet. Ein kan ikkje si korleis skulestrukturen til Sauda vil bli i framtida før ein har fått på plass eit godt forprosjekt.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

#### 16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Me i ungdomsrådet syns ingenting om dette steget. Om det blir ein barneskule i Sauda bør kommunen bruke tid, penger og krefter på det, istadenfor å organisere ein tullete mellomløysning imens. Det er uansvarleg å iverksette 2a uten å oppgradere bygga, dette seier også Norconsult i rapporten sin. Ifølge posisjonen har dei ingen planer om å legge penger inn i mellomløysninga. Me forstår ikkje kor dette forslaget kjem frå? Tilstanden på skulane i Sauda er ikkje så dårlig at det må skje noko så drastisk. Å sette tryggleiken til barn og unge på spel er ikke bra. Dei treng ikkje fleire overgangar og vaksne som skiftest ut, enn dei har i dag. Barns beste bør alltid vere det viktigaste i denne saka.

#### 17. Ope kommentarfelt for andre innspel

I ungdomsrådet sine politiske prioriteringar står det at «ved endringer av skolestruktur er det viktig å sikre trygg skolevei for elevene». Under møtet med ordførar, varaordførar og elevråda på barneskulane og ungdomsskulen var skuleveg eit tema som engasjerte elevane. Å ha kort skolevei og å ha moglegheit til å gå og sykle er viktig for mange. Vaksne kan gjerne bagatalisere dette, men for barn og unge er det ein stor verdi å ha ein trygg skoleveg der ein også kan få bruke kroppen litt før ein stillesittande dag på skulen ventar dei. Me oppfordrar kommunestyret til å lytte til dei unge. Det er tross alt dei som får kjenne konsekvensane av eventuelle strukturendringar.